



PILEGRIMSVANDRING FRÅ GRUNGE KYRKJE TIL RØLDAL 24-28.08.09

Måtte vegen stige opp
For å møte deg
Måtte vinden alltid vera deg i ryggen
Måtte sola skine varmt
På ditt andlet
La regnet falle mjukt på
Dine åkrar og til me møtast att
Må Gud halde deg i si hand.
(Keltisk velsigning)



Måndag 24 august 2009 var det endeleg litt opphaldsvêr i Vest-Telemark. Klokka 16 samla ein gjeng seg ved Grunge kyrkje for å byrje på

pilegrimsvandring til Røldal. I tillegg til fem brukarar, heretter vert alle kalla pilegrimar, deltok: Sigvald Oppbøen Hansen, stortingsrepresentant for AP, Telemark, Ragnvald Christensson, leiar i styret for Pilegrimsvegen til Røldal, Una Høydal, prosjektleiar for pilegrimsarbeidet ved Vest-Telemark Museum, Oscar J. Garnes, styreleiar i Prostidiakonatotet i Vest-Telemark. Frå Vinje Astri Bye Ramberg og Britt Svalastog. Frå Nissedal Karin Kåsa. Frå Seljord Magnus Rinde og Mona Skafså frå Tokke.

Vandringa starta med nevahelsingar, norsk mat (Pizza Grandiosa) og ei lita stund inne i kyrkja med orientering om vandringa. Bakgrunnen for pilegrimsvandringa til Røldal, er historia om det sveittande krusifikset. Fekk ein denne sveitten på seg kunne ein bli helbreda. Her takka tingmann Sigvald for høve til å vera med på denne fyrste dagen av vandringa. Klokka 17.10 kom me oss ut på 134 og tok til å trække asfalten. Fyrst gjekk Ragnvald og fortalte om plassar og hendingar. Alt i alt femten pilegrimar fyrste dagen. K. 18.50 kom me til Velemoen Camping. Grei og god innlosjering hjå Vibeke.

I fjor var fyrste gong me prøva eit samarbeid mellom diakoni og psykiatri i Vest-Telemark om ei pilegrimsvandring til Røldal. Røynslene frå fyrste året var så gode, så det var lett å få til ny vandring. Nytt av året er at me oppmodar folk til å vera med på dagsvandringar.

Takka vera pengar frå Folkehelseprogrammet og ein viss eigendel, billig overnatting og bruk av privatbilar, let vandringa seg gjennomføre utan alt for store kostnader for psykiatritenesta.

Statistikk: 15 pilegrimar og fem km.





VANDRINGSMEDITASJON. FRED VERE MED DEG !

Dag 1: Grunge kyrkje- Edland

Vår pilegrimsvandringa startar ved Grunge kyrkje. Ingen stor katedral, men ei enkel lita Linstow-kyrkje frå 1850. Slottsarkitekt H. D. F Linstow teikna i alt sytti slike kyrkjer. Det næraste me her i landet kjem husbank-kyrkjer. Men altartavla er lokal, og syner Jesus som kjem attende til Grungedal for å skilje geitene frå sauene. Natur og nutar er atkjennande. Nokon er kanskje redd for kva han har å seie då? Men eg har aldri tenkt anna enn at han vil seie det han alltid sa her på jorda: Fred vere med deg !

*Inne i den veldige romanske kirken stod turistene tett
I halvmørket
Hvelv etter hvelv gapende og intet overblikk
Noen lysflammer blafret
En engel utan ansikt omfavnet meg
Og hvisket gjennom hele kroppen :
Ikkje skam deg over at du er menneske, vær stolt!
Inni deg åpner seg hvelv etter hvelv uendelig
Du blir aldri ferdig, og det er som det skal være.
Eg var blind av tårer
Og ble skubbet ut på den solglødende piazzaen
Saman med Mr. Og Mrs. Jones, Herr Tanaka
Og Signora Sabatini
Og inni dem åpner seg hvelv etter hvelv uendelig.
(Tomas Transtrømer)*

”Håper på tur til neste år også!! (Frå evalueringa.)

Tysdag 25 august 2009. Starta morgonen med utplassering av bilar: To på Fjellstad og Astris på Raftarmoen. Frukosten fekk me hjå femte klasse på Edland skule. Godt var det og raust. Starta kl.10.20 med den gode kjentmann Tjøstolv Kvålen. Grappa var auka noko. Fire nye pilegrimar frå Dagsenteret i Seljord var med denne dagen. Ruta blei litt annleis enn den plagar. I skodde og regnvêr var det veldig lurt. Frå Ålmannavegen gjekk med grusvegen heilt fram til Gugardstøylen og så stigen over til Raftarmoen. Her gjekk slutta fem stykk vandringa for dagen, medan dei andre fylgde 134 forbi Botn og anleggsvegen ved Vågslidvatnet. Dei fleste var framme på Fjellstad 16.30. Astri og hjelparar svinga opp med potetstappe og karbonadar.

Statistikk: 14 pilegrimar og 18 km.



VANDRINGSMEDITASJON. EITT STEG ER NOK ÅT MEG

Dag 2 Edland- Vågsli

Å sette det eine beinet framfor det andre, er mi einaste oppgåve. Beina er gode. Er eg heldig får eg gått av meg ein og annan plagsam tanke òg. Ein kan lett tenke at pilegrimsvandringar er noko høgtideleg og særst religiøst, ein konstant meditativ rus? Ei tid for dei store tankar? Men det er heller dei nære og små tankane som kjem fram. I glytt anar eg eit større fellesskap. Eg er ikkje aleine på vegen.

*Jeg er bare en pilgrim på denne veien, guttær
Jeg er bare en pilgrim på denne veien, guttær
Jeg er bare en pilgrim på denne veien, guttær
Og den har aldri vært mitt hjem*

*For denne veien har vært full av høl og humper, guttær
Veien har vært full av høl og humper, guttær
Veien har vært full av høl og humper, guttær
Men troen var en trofast følgesvenn*

*Så kan vi møtes rundt bålet om kvelden
Og dele sanger, varme ord og noen eventyr
Jeg er bare en pilgrim på denne veien, guttær
Og den har aldri vært mitt hjem*

*Så ikke gråt en tåre mer for meg, guttær
Ikke gråt en tåre mer for meg, guttær
Ikke gråt en tåre mer for meg, guttær
For litt lengre ned så får dere se*

*For jeg regner med jeg skal røre ved hans hånd, guttær
Jeg regner med jeg skal røre ved hans hånd, guttær
Ja, jeg regner med jeg skal røre ved hans hånd, guttær
Og jeg legger inn et godt ord hvis jeg kan*

(Steve Earl/ Henning Kvitnes)

”Ein fantastisk pilegrimsvandring med ein fantastisk flott gjeng!”(Frå evalueringa).

Onsdag 26 august 2009 Finvêret kom med Dagposten- DPS frå Seljord. Ein heil buss med åtte stykk derifrå. Dessutan ein ny pilgrim frå Kviteseid. Me køyrde opp til Havradalsvegen. Starta derifrå kl.10.10 Tjøstolv Kjentmann prøva å finne Hermodshola, men utan resultat. Den har me til gode! Ei rask vandring denne dagen.





Framme ved Ulvåa kl.15.30. Det er velsigna godt å ha Tjølstolv som kjentmann. Han ser når folk treng pausar, han har mykje å fortelje og er interessert i folk. Ein god mann å gå med. Og innimellom litt forvirra som ein kan bli høgt til fjella: ”Nå er adde herad, men høre er vegen?”, spurte Tjølstolv.

Lapskausen smaka voldsamt godt på Fjellstad om ettermiddagen.

Statistikk: 19 pilegrimar og 14 km.

VANDRINGSMEDITASJON EIT HUS NÅR EG FRYS

Dag 3 Vågsli- Ulvå

Eg likar godt nok forfattaren Levi Henriksen har sagt; - Trua mi er ikkje sterk nok til å løfte andre opp, men ho er som ein vegg eg sjølv kan kravle meg opp mot når eg har falle. Då treng eg Guds nåde. Guds nåde er å få hjelp til å reise seg opp. Skal eg takle livet, treng eg å be, få falde henda. Så opplever eg at dei falda hendene vert til eit hus når eg frys.” Den store boka fortel om Gud nåde til dei som ville ha kontakt med Gud. Dei som i avmakt ropa om miskunn: Kyrie Eleison!

*Åfto æ livet som ein skoddeheim.
Vegen æ langtfrå bein,
eg kan 'kji finne heim.
Rota på rundt i eit narrespel.
Kjempa imot eit bel,
lyg meg ifrå eindel.
Når det æ som aller svartast.
Når det blæs med krappe vindkast.
Når eg går mot eit stup, ni eit djup.*

*Då kjem eg te ei krasafaren steinbu.
Eine veggen sigji ut, men taket nokolein.
Set meg ned og finn fram nista,
våt og kald so kroppen rista.
Likevæl æ eg glad! Eg æ glad!
(Hellbillis)*



”En kjempeflott tur, nå er batteriet opplada til langt ut på vinteren!(Frå evalueringa)

Torsdag 27 august 2009. Start frå Ulvåa kl.9.30. Svein Gjørsv fra Røldal kjentmann denne dagen. Fekk smake Sveins smått legendariske buljong og kjøtbolle-suppe på Dyrskarhytta.



Hit kom og ein gjeng frå Dagsenteret i Åmot. (Åtte stk). Samstundes var det med to frå Vito på Dalen hele dagen. Me avslutta dagen på Midtlæger. Dit kom me kl.15.30. Elles kom to ekstra frå Vinje som gjekk til Dyrskarhytta og ei vart me til Midtlæger. Her var det kolonne køyring grunna asfaltlegging. Me var så fri at me spurt om haik, og alle kom seg inn i trailere og bilar austover til Fjellstad. Alt i alt 24 pilegrimar denne dagen. Seksten av dei gjekk. Middag: god rome-graut frå Vinje kjøkkendrift.

Statistikk: 26 pilegrimar og 15 km.

VANDRINGSMEDITASJON: LITT AV KVART Å LÆRE

Dag 4 Ulvåa- Svandalsflon



Det er litt av kvart å lære av andre på vegen. Lettare å gå oppover, sa ei tapper dame. - Nedoverbakke er det verste for ein som har hatt det tøft. Eg har aldri takla å ha det godt. Slite er eg bra på. Verre å ha det godt. Ligg vel ein tanke i det om ein som meg ikkje fortener det gode.” Så handlar pilegrimsdagane mest om å vere. Det øver eg meg på langs vegen. Leiter etter håp og samanheng. Ser dei andre pilegrimane som vandrande bøner, og gleder meg over det. Treng nok sjølv å rydde litt i livet. Ber om å få legge ting bak meg. Og så får eg heller leve med litt småstein i skoa. Tenker på ho som på eit seminar, fortalte om sin filosofi. Med låg stemme sa ho:” Når folk har slutta å tru på seg sjølv, treng dei noko som trur på dei.”

*Det er langt mellom venner
Mellom venner står mange bekjensker
og mye snakk
Venner ligger som små lysende stuer
langt borte i fjellmørket
Du kan ikke ta feil av dem
(Kolbein Falkeid)*

Fredag 28 august 2009 Start frå Svandalsflona ved 9.30 tida. Kjørde tre bilar ned til Røldal. Folket byrja å gå og sjåførane møtte dei att litt oppe i Austmannali. Etter kvart kom kjentmann Svein `og.

Hadde ei god pause ved Bruhølen. Framme ved kyrkja kl.13.57. Avslutta i kyrkja med nokre tankar - og takk for vandringa og lystenning. Vår gode kjentmann frå Edland Tjøstolv var også med ned liene denne dagen.



Middag på Skysstasjonen., som folk betalt sjølve. Ca. 16.45 var folk på veg austover. Henta bagasjen på Fjellstad. Pilegrimspresten i Røldal overrekte kvar og ein ei bok om kyrkja, og stempla pilegrimspass for dei som hadde slike. Elles gav Astri sokkar til Eilev, Tjøstolv og Svein som takk for vandringa. Vel heimkomne ser vi at både Varden og VTB har omtale av vår vandring, og på heimesida til Vinje kommune var det og skrive om oss.

Statistikk: 13 pilegrimar og 13 km.

” Godt med rolige dager og fin natur.(Frå evalueringa)

VANDRINGSMEDITASJON: VART DU BETRE?

Dag 5 Svandalsflona- Røldal

- Vart du betre , vart eg spurt vel heimkomen frå ei pilegrimsvandring. Vel hadde eg kjent sveitten på kroppen. Dei varmaste dagane i dei tyngste liene, rann det frisk frå panna. Men frå krusifikset i den gamle Røldals-kyrkja frå 1200, datt det ikkje ein dråpe. Likevel kjenner eg meg betre etter vandringa. Beina er kvikke. Hovudet blåst for stress. Minnest terapeuten som fortalte at hans mål for alle samtaler, var at folk skulle gå ut frå kontoret hans med litt meir håp. Slik kjenner eg det, vel framme i Røldal: Reiser heim med litt meir håp! Har fått mykje. Delt noko. Har eg meir å gje ut no?

*Gå ut med trøyst, skap fred og be
At himlens rettferd følgjer deg
Da skal det store under skje
Der frosten bit, der svolten gneg
Da ser du han, i natt og vind
Di hand gir ut det liv han gav
Hans andlet skin, hans veg blir din
Når barnegråten stilnar av
(Edvard Hoem)*

DET GODE LIV I TELEMARK



Folkehelseprogrammet



Oppsummering:

1. Fleire som var med peikar på at skiljer vert viska ut under vandring; Skilje mellom frisk—sjukt, sterk- svakt, pleiar-brukar. God kjensle av å vera eit kollektiv.
2. Utviklar eit godt samarbeidsklime i Vest-Telemark mellom diakoni og psykiatri, og mellom dei ulike kommunepsykiatritenestene.
3. Positivt med dagsvandrarar. Samla tal deltakar på vandringa var 85 . Fleire dagsenter fortel om gode samtaler kring prosjektet.
4. Ein av deltakarane skreiv dette i gjesteboka på Fjellstad, som takk for vandringa.

*Eg vandrar ned ei li
Med vandringstav på si
Me går i rekke nedåt sti
Pilgrim etter pilgrim
Over steinar, bakkar, fjell
Ein gamal tradisjon med liv.
Ned mot Røldal kyrkje sveitten
Frå korset siv
Ein lykke. helbred, gjer deg fri –
- gjer deg fri!*

Me har fått teke del i ein gamal ”tradisjon med liv” og kanskje skapte noko nytt? Til med har nokon kjent på ein ny fridom.

Dalen 9.09.09

Eilev Erikstein

Prostidiakon i Vest-Telemark
911113580
www.prostidiakon.no

 **Prostidiakonen**
I VEST-TELEMARK

